



Anette Sund og Janne Yri frå hyttestyret Fjelly har gode tankar om jubileet i mai månad.

Lagshytta Fjelly frå 1917 skal markerast med 100 års høgtid i mai månad. Men før den tid vil hyttestyre at du finn fram bilete frå overnattingar og opphald på hytta. Alt tysdag 24. januar vert det skipa til eit informasjonsmøte i Helgheim der ein bed om at du finn fram bilete og tek med til møte. To veker deretter vert det organisert ei ny samling med scanning og registrering av foto.



Lagshytta Fjelly - 100 år

Janne Yri, Marianne Hauso og Anette Sund utgjør hyttestyre. Dei har mange tankar om korleis jubileet bør markerast. Det vert mellom anna friluftaktivitetar for born og vaksne. Eit historisk attersyn høyrer med og innsamla foto bør presenterast i ei fotobok. Ein konsert på fjellet hadde vore fint.

Hytta er i god stand for tida med nytt kjøkken og nytt golv i stova. Altanen ute er riven og ny bør vera på plass til festen i mai månad. Ny utedo står også på ynskjelista. Men no gjeld det infomøte tysdag 24. januar kl. 19 i Helgheim. Alle er velkomne.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal